



Ny digital pris
+ litt fleire jurykommentarar i Årets lokalavis-konkurransen!

Invitasjon og oppfordring: Bli med i årets aviskonkurransar for lokalavisene

Tre gode grunnar for å delta i LLAs aviskonkurransar:

1. Heider og ære gir hyggeleg og nyttig merksemd i lokalmiljøet
2. Prisane gir ekstra motivasjon blant avisas medarbeidarar
3. Det blir enda meir spennande å delta på landsmøtet når avisa også er med i aviskonkurransane

Frist for påmelding og innsending av bidrag:

31. januar 2016.

Sjå baksida for fleire detaljar.

Velkommen med i årets aviskonkurransar.





Årets lokalavis

LLAs Årets lokalavis-konkurranse er truleg den mest grundige og komplette lokalaviskonkurransen i Norge! Juryen vurderer både form og innhald i utvalde papiraviser, men ser også på avisas digitale innhald og uttrykk. Avisa di kan bli Årets lokalavis både med og utan sterk nettsatsing.

I år styrker vi jurykommentarane til avisutgåvene som blir sendt inn i konkurransen, slik at avisa uansett har nytte og glede av å vere med i konkurransen om å bli Årets lokalavis.

Praktisk: Send inn følgande papirutgåver frå 2015: Veke 11 og veke 44. Aviser med fleire utgåver i veka, sender inn siste utgåve frå veke 11 og 44. I tillegg sender alle aviser inn éi valfri avis frå ei valfri veke.

Send alt til Landslaget for lokalaviser, Kongens gate 14, 0153 Oslo. **Hugs å sende inn 4 eksemplar av papirutgåvene!** Merk konvolutten med Årets lokalavis.



Årets digitale satsing

Ny pris: No vil LLA kåre beste lokale digitale innslag eller satsing gjennom 2015. Konkurransetypen er nokså vid, men vi leitar etter gode digitale historier, videoinnslag, animasjonar, grafikk eller andre måtar å gjere lokalavisas innhald spennande for lesarane – på nett eller mobil eller andre digitale plattformer.

Praktisk: Send kort omtale og link med historia eller tiltaket til lene@lla.no. Maks 3 bidrag per avis. Merk e-posten med Årets digitale satsing.



Markedsprisen

LLAs markedspris blir tildelt den avisa som har gjort det beste marknadstiltaket eller annonsekampanjen gjennom året. Aktiviteten bør ha ført til hyggelege inntekter til avisa eller løfta avisas langsiktige omdømme i nærmiljøet og blant annonsørane. Juryen ser særleg etter tiltak som har gjort lokalavisa til ein enda meir attraktiv mediekanal og samarbeidspartnar i lokalmiljøet.


Praktisk: Send kort presentasjon, inkludert eksempel, av marknadstiltaket, gjerne som pdf-fil, til lene@lla.no, eventuelt med posten til Landslaget for lokalaviser, Kongens gate 14, 0153 Oslo. Maks 3 tiltak per avis.



Årets lokalavisfoto

LLAs fotopris skal oppmuntre til betre fotojournalistikk i lokalavisene. Vi leitar etter bilde eller videoinnslag som fangar merksemda og gjer ei god historie enda betre. Juryen står fritt til å dele ut prisen til bilde i papiravisa eller bilde eller videoinnslag på nett.

Praktisk: Send inn bilde, eller link til videoinnslag, til lene@lla.no. JPG-filene må vere maks 5 megabyte per bilde og dei skal merkast med namn på avis og fotograf, til dømes: Lokalavisa_AnneHansen_1. Kvar journalist/fotograf i kvar avis kan delta med opp til 3 bilde.



LLAs journalistpris

Journalistprisen blir delt ut til ein journalist eller lokalavis som har utført samfunnsoppdraget på ein eksemplarisk måte. Juryen ser etter saker som er eit eksempel til etterfølgelse for journalistikken i avisbransjen. Avisa kan delta både med enkeltsaker eller artikkelserier.

Praktisk: Send inn eiga grunning/omtale og eksempel på saka eller artikkelserien. Bruk helst e-post lene@lla.no. Dersom bidraget blir sendt i posten til Landslaget for lokalaviser, Kongens gate 14, 0153 Oslo, må vi ha 3 eksemplar av kvart bidrag.



Årets lokalavisside

Denne prisen vert delt ut for å oppmuntre til god avisdesign. Avisa kan bidra både med nyhetsside, reportasjesider eller førsteside. Juryen plukkar ut dei fem beste finalebidraga. Deretter stemmer landsmøtedeltakarane fram Årets lokalavisside.

Praktisk: Kvar avis kan delta med opp til 3 bidrag kvar. Send desse til Landslaget for lokalaviser, Kongens gate 14, 0153 Oslo. Vi må ha 3 eksemplar av kvart bidrag.

Generelt for alle konkurransane:

- Juryen for kvar pris deler ut éin hovudpris og opp til to hederlege omtaler. I Årets lokalavisside-konkurransen er det berre hovudpris.
- Det kostar 800 kroner å delta i Årets lokalavis-konkurransen og 500 kroner for kvar av dei andre prisklassane. Det er same pris uansett kor mange bidrag som blir sendt inn i kvar klasse.
- Alle bidrag må ha blitt publisert eller gjennomført i løpet av kalenderåret 2015.
- Felles frist for alle konkurransane: Søndag 31. januar 2016. Alle prisar blir delt ut på LLAs landsmøte i april. Avisa kan sjølvsgatt delta i alle konkurransar uavhengig av om ein deltar på landsmøtet eller ikkje.
- Alle LLAs aviser vert oppfordra til å delta. Desto fleire som er med, jo meir spennande og ærefulle blir konkurransane!



Landslaget for lokalaviser
Kongens gate 14, 0153 Oslo
452 89 1111
lla@lla.no
www.lla.no